



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 13.01.2017  
Vår ref.: 2016/35022-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 16/3288 – 16/34004

Att. Per Sveinar Morsund

## **Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om riving av eksisterande bustadhus og bygging av nytt bustadhus - gnr 108 bnr 609 - Lindås kommune**

Viser til brev datert 15.12.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi på gnr. 108, bnr. 609 i Lindås kommune. Like søraust for eigedomen ligg det eit automatisk freda gravfelt frå eldre jernalder, Askeladden id. 66398, og det aktuelle området har difor potensial for nye funn. Hordaland fylkeskommune vil likevel ikkje stille krav om arkeologisk registrering då det omsøkte tiltaket omfattar riving av eksisterande bustadhus og bygging av nytt bustadhus på same stad. Vi ber likevel om å få tilsendt søknad ved andre tiltak på eigedomen, som for eksempel eventuell opparbeiding av arealet nordaust for huset.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*